

## **Forskrifter til opplæringslova – høyringsfråsegn**

### **§ 3-22 Fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål**

#### **§ 3-22 fyrste ledd**

*”Elevar som etter § 1-11 er unnatekne frå kravet om opplæring i skriftleg sidemål, er også unnatekne kravet om vurdering i skriftleg sidemål.”*

Ingen elevar som er unnatekne kravet om opplæring i sidemål, skal ha vurdering i sidemål. Setningane på kvar side av kommaet står difor i eit irrelevant tilhøve til kvarandre. Fritak frå opplæring gjer fritak frå vurdering irrelevant. Det fyrste leddet bør i staden presisere at fritak frå opplæring ikkje automatisk gjev fritak frå vurdering. Dinest bør det presiserast at fritak frå vurdering med karakter gjev rett til å bli vurdert på andre måtar.

Paragrafen seier ingenting om kva rett elevane har til andre typar vurderingsformer. § 3-22 om fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål sender såleis eit anna pedagogisk signal enn § 3-21 om fritak frå vurdering for minoritetsspråklege:

Merknadene side 54 til § 3-21 blir understreka at fritaket frå vurdering er fritak frå *vurdering med karakter*, og at elevane har krav på undervegsvurdering utan karakter. ”Det er viktig at dette gis”, står det i merknadene. Språkrådet meiner at dei same vurderingsformene som blir brukte i andre fag i skulen, også må takast i bruk i norskfaget, i dette tilfellet skriftleg sidemål.

#### **Kva er synet på opplæring i opplæringslova § 3-22?**

I fyrste avsnitt i merknadene til § 3-22 går det indirekte fram at opplæring utan vurdering i skriftleg sidemål er ”å lese tekster på sidemål eller ha opplæring i språkhistorie eller norsk språkutvikling”. Språkrådet vil innvende at å få fritak frå vurdering i eit skriftleg fag ikkje bør innebere å få unntak frå opplæring i skriving. Kvifor utelukkar opplæringslova skriving som god opplæring for elevar som ikkje skal få vurdering med karakter? § 3-22 og merknadene gjev høve til at elevar som er fritekne for vurdering i sidemål (nesten alltid nynorsk), verken får prøve seg på å skrive på målforma eller få noka vurdering i det heile. Norskfaget bør drive så mykje skriveopplæring som råd, sjølv om elevane ikkje blir vurderte med karakter. Språkrådet saknar ei vurdering av denne sida av tilhøvet mellom opplæring og vurdering i eit fag som i opplæringslova er definert som skriftleg. Nye vurderingsformer er viktige i skriveopplæringa, og dei er viktige for å dokumentere norskkompetanse for elevar som ikkje får karakter. Å dokumentere norskkompetanse er svært viktig i yrkeslivet.

#### **§ 3-22 andre ledd**

*”Elevar med anna morsmål enn norsk, samisk, finsk og teiknspråk har i alle høve rett til fritak frå vurdering i sidemål.”*

Den elevgruppa som er omtala i andre ledd, er ei ueinsarta gruppe som får fritak basert på etnisk-språkleg bakgrunn utan at dei blir vurderte etter kompetansenivå. Språkrådet meiner at dette leddet bør ut av paragrafen. Fritak frå opplæring bør knytast til konkrete tilhøve i opplæringssituasjonen, slik det er gjort i § 1-11. Nødvendige fritak er elles heimla i §§ 2-8 (særskilt språkopplæring), 3-21 (fritak frå vurdering for minoritetsspråklege) og 5-1 (om enkeltvedtak og individuell opplæringsplan).

### **§ 3-22 tredje ledd**

*”Elevar i grunnskolen og vidaregåande opplæring som har enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, kan fritakast frå vurdering i skriftleg sidemål, dersom det går fram av enkeltvedtak og den individuelle opplæringsplanen.”*

Det er truleg behov for å presisere dette i forskrifta dersom det ikkje går fram av enkeltvedtaka. Språkrådet gjekk ut frå at skriftleg sidemål blei vurdert i samanheng med tilpassa opplæring i norskfaget generelt.

### **§ 3-22 fjerde ledd**

*”Elevar og privatistar i vidaregåande opplæring har også rett til fritak frå vurdering i skriftleg sidemål dersom dei a) ikkje har gjennomgått ungdomstrinnet i norsk grunnskole, b) fylte vilkåra for fritak frå opplæring eller vurdering i skriftleg sidemål i grunnskolen, men på grunn av dokumentert saksbehandlingsfeil likevel ikkje fekk fritak.”*

Dette leddet vil berre fungere i praksis dersom det er definert i lova kva som er saksbehandlingsfeil. Er til dømes mangel på informasjon saksbehandlingsfeil? Korleis kan dette dokumenterast?

### **§ 3-22 femte ledd**

*”Skoleeigar kan ikkje stryke standpunktkarakter eller eksamenskarakter i skriftleg sidemål dersom eleven eller privatisten har fått vurdering i dette faget.”*

Ut frå erfaring i skulen treng ein kanskje ei slik presisering. Språkrådet trudde likevel at slike tilhøve galdt alle fag og var regulert samla i ein eigen paragraf.